



Bålet brann flott, og under presseningen til høgre hadde bobdelagsgjengen det godt!

**Nokre kraftige regnbyger og temperatur på 13 grader sette nok ein dempar på Jonsokfeiringa rundt i bygda. I år var det nok utvilsomt Bondelaget si samling som var mest vellukka, og den samla godt med folk. Ved hjelp av ein presseningkonstruksjon som overbygg på samlingsplassen unngjekk dei problema som få, men intense regnbyger skapte andre plasser.**

I år, som dei siste åra, hadde bondelaget samling for medlemmer og venner nede ved elva på Myklebust. Dei møttest frå kl.19 og utover til grilling, fotball og andre aktivitetar, og godt preik. Stemningen var god, og sjølv sagt var dei fornøgd med at dei kunne ha det tørt og godt. Den store presseningen som var spent opp ved hjelp av m.a. to traktorar tok av for regnbygene.

Etter kvart vart det bra med folk under duken. Ved halv ti tida tende dei det flotte bålet.

Også ved Fjellandsbøvatnet er det tradisjonelt samling av mykje folk til bålbreining og kos jonsokkvelden. I år var det 30 som møtte då bålet vart tent. Bålet brann fint, men samlinga vart kortare enn normalt. Frammøtet plar og vera større. Vanlegvis er det om lag 50 som feirer jonsok ved Fjellandsbøvatnet.

Rundt om i bygda elles observerte vi berre nokre få bål i år. Veret får nok ta skulda for det. Nokre valde vel og å kosa seg, eller kanskje det motsette, med storkampen i Tippeligaen mellom FKH og Brann som gjekk på TV.



Området ved elva før båtenning.

Av: Thor Inge Døsland